

## Nyhetsbrev 2022 10

### Siste frist for spreieing av husdyrgjødsel er 01.09

Du kan spreie husdyrgjødsel seinast 01.09. Dette gjeld også ved nedmolding. Kommunen kan etter søknad i særlege tilfelle gjera unntak frå fristen. Du har mykje betre utnytting av gjødsla på våren, og økonomisk sparer du då innkjøpt kostbar gjødsel. Så har du nok lagerkapasitet, bør gjødsla lagrast og spreist på våren.

### Gratis fagdag om landbruksbygg i tre

Klimavennlege og moderne landbruksbygg i tre blir tema torsdag 15. september kl. 09.30 - 15.45 på Bryne Kro og Hotell. Her blir det faglege innlegg frå ulike leverandørar. Besøk i to fjøs, eit til mjølkeproduksjon og ammekyr, og eit kombinasjonsbygg for sau og ammekyr.

Påmeldingsfrist 12.09.2022 kl. 12. Les [meir](#)

### Søknad om produksjonstilskot

Ny søknadsfrist for produksjonstilskot nærmar seg. Du kan søke i perioden 1.10 - 15.10.

Dersom du lurar på noko eller vil ha litt hjelp, ber me om at du tek kontakt i god tid før fristen 15.10. Alf Henning Haukeland er vår hovudperson her.

### Søknad til regionalt miljøprogram (RMP)

Her er søknadsperioden 15.09 – 15.10. Me vil gjerne hjelpe dersom du har spørsmål og treng litt bistand. Else Britt Helland Mæland er vår hovudperson på RMP.

### Ny medarbeider i Frivillige Tiltak i Landbruket

Per Bjorland i FTL har fått ny kollega. Maya Stølen tiltrådte stillingen 1 juni i år. Hun er utdannet ferskvannsekolog og har god kunnskap om vannmiljøet på Jæren og ulike former for tiltak i vassdrag. Hun har jobbet tett med Per de siste månedene og får med dette solid opplæring gjennom en bratt læringskurve i mange ulike aspekter av landbruksdrift.

Per Bjorland avvikler nå ferie og er tilbake 13 september. Ta derfor gjerne kontakt med Maya dersom du ønsker bistand og råd i forbindelse med forurensningssituasjoner eller miljøtiltak på ditt gårdsbruk. Kontaktinformasjon: Se nedenfor.

### Husk å søke strømstøtte

Siste frist for å søke om strømstøtte er 15. september for april, mai og Juni. Ta kontakt med Alf Henning ved spørsmål.